

Vakre hjem
www.vakrehjem.no

Kun hjå oss

A/S Volda Jarn & Farge

Snippa 6 - Tlf. 70 07 64 77

BUSTAD, INDUSTRI,
LANDBRUK, TELE/DATA,
BRANNALARM,
NORDVEST
ELEKTRO AS

Tlf. 70 07 44 70

SALG
50-70% på innfatningar

OPTIKK VOLDA
Tlf. 70 07 70 19 - Høkjeleggt. 13 - 6100 Volda

NYHENDER!
MATIS Densifying PARIS
dag- og nattkrem
- Motverkar tap av elastisitet

Unik
hud- og kroppspiele
Røysgata 15, Volda
Tlf. 70 05 55 70
www.unikhudpleie.no

Konsert-debut gav meirsmak


I fleire år har Geir-Åge Vollset (25), Thomas Bøen Alme (27) og Christian Bøen (31) produsert musikk saman. 3. juledag presenterte dei eit utdrag av låtane sine saman med sjølvaste Side Brok på Rust, framfor eit stort publikum.

Vollset kjem frå Austefjorden, og brødrene Bøen kjem frå Volda. Saman danna dei i påska 2005 gruppa "Bygdekrap", som spelar hip-hop musikk. Inspirasjon hentar dei både frå Side Brok og hip-hop generelt. Karane er busett høvesvis på Hamar, på Sula og i Bergen, så dei treffest ikkje så ofte. Med åra har det likevel blitt produsert mykje musikalsk materiale.

Fyrste konsert

3. juledag stod karane på scena for å framføre låtane sine for fyrste gong. Dette skjedde på Rust i Ørsta, der Side Brok hadde invitert til julefest for å presentere sin nye internettkassett. Med på kassetten er fleire norske artistar, mellom anna Bygdekrap. Det var mykje nervar ute og gjekk før konserten, men framføringa gjekk over all forventning.

- Vi var skikkeleg nervøse, det var no trass alt vår fyrste framføring noksinne, stadfestar Geir-



* Her er Christian Bøen alias Thermodress, Thomas Bøen Alme alias Poeten og Geir-Åge Vollset alias SjefE backstage på Rust 3. juledag. Foto: Bygdekrap.

Åge Vollset. Han tykkjer opplevinga var kjempepositiv, og ynskjer å takke publikum som skapte stor stemning frå fyrste låt.

"Hip-hop-humor"

- Vi fekk framføre fire låtar,

mellom anna "Abstinens for kvins", som er den songen vi har fått med på internettkassetten, seier Vollset. Gruppa lagar det dei sjølve kallar "hip-hop-humor", i same sjanger som Side Brok.

- Mange av publikummarane

hadde hørt låtane våre før, men dei trudde det var Side Brok som hadde laga desse songane, fortel Vollset, alias SjefE. Begge dei to hip-hop gruppene vert kjenne-teikna ved at dei nyttar alias på scena, og dei kler seg gjerne ut.

- Mange vart nok overraska når dei såg oss på scena, men vi vart godt mottekne og det var stor stemning. Stuntet fristar absolutt til gjentaking, smiler Vollset.

Eiga Facebook-side
Hovudsakleg presenterer Bygdekrap musikken sin via internett, og dei har danna si eiga fanside på Facebook. Der er det mogleg å lytte til musikken og kome med kommentarar.

- Vi har 9-10 songar liggande på Facebook, og om ein tek med anna ferdig materiale har vi truleg nok til å gi ut eit album. Det er draumen på sikt, forklarar Vollset. Han vonar gruppa kan gi ut i alle fall ein singel i løpet av 2010.

- Elles kan vi godt tenkje oss å halde konsert igjen. Vi syslar med tanken om å stå på scena på Hamar om ikkje alt for lenge, avsluttar han.

— LIV JORUNN NYHAGEN



* Thomas Bøen Alme og Geir-Åge Vollset på scena 3. juledag. Foto: Ingvild Bøen Egset.

Teikningar og lys mangla

Branningeniør Stein Husevåg heldt branntilsyn ved Kilsfjord kyrkje 17. desember 2009. Kyrkja var bygd i 1974 og kyrkjeskipet har 206 sitteplassar. Det er montert eit enkelt brannalarmanlegg der berre den detektoren som er løyst ut gjev alarmlyd. Anlegget varslet 110-sentralen. Det vart registrert fleire avvik under tilsynet. Kyrkja manglar godkjent ledelyssystem, samt teikningar som syner alle branntekniske løysingar. Teikningane mangla mellom anna brannteknisk oppdeling og brannalarmanlegg. Avvik på kontrollrapporten på brannalarmanlegget var heller ikkje retta opp. Husevåg merka seg dessutan at det bør utarbeidast oversikt over utstyr som kyrkja meiner bør redlast ved eventuell brann. Han oppsummerer besøket til at kyrkja har greie rutinar. Volda kyrkjelege fellesråd har no ein månad på seg til å gi ei tilbakemelding på når og korleis avvika vil bli retta opp.

Må reparere brannslange og fjerne klappstolar

17. desember 2009 vart det helde branntilsyn i Austefjord kyrkje. Denne kyrkja var bygd i 1880, og har bærande konstruksjon i tømmer. I kyrkja er det totalt 159 sitteplassar.

Bygget har brannalarmanlegg med direkte varsling til alarmsentral.

Fleire avvik vart registrert under tilsynet. Kyrkja manglar godkjent ledelyssystem og teikning over brannalarmanlegget. Avvik på kontrollrapporten på brannalarmanlegget er ikkje retta opp og kyrkja manglar for tida brannvernleiar. Branningeniør Stein Husevåg har òg notert tre merknadar. Han meiner klappstolar ikkje bør stå framme i våpenhuset slik at dei vert nyttta til å sette opp i rømingsvegen ved arrangement som samlar mykje folk. Vidare peikar han på at det bør utarbeidast oversikt over utstyr som kyrkja meiner bør redlast ved eventuell brann, og han viser til at skadd brannslange må reparast då den har vesentleg redusert effekt.

Husevåg tykkjer likevel kyrkja har greie rutinar. Volda kyrkjelege fellesråd har ein månad på seg til å kommentere rapporten, og fortelje Husevåg når og korleis avvika vil bli retta opp.



Dale
Ope 9-16
Laurdag e. avtale
BRØDRENE DALE AS
Tlf. 70 07 44 99